



Kvart møte har eitt tema og blir leia av to fagpersonar. Både pårørande og fagpersonar blir inviterte til MØTEPLASS.

MØTEPLASS varer i 2,5 time, inkludert ein pause. Enkel servering før møtestart og i pausen. Fagfolk frå relevante verksemder deltek i tillegg i ein halvtime lange formøte og ettermøte, der hensikta er høvesvis å førebu seg på tema for kvelden, og oppsummere kunnskap som har kome fram på MØTEPLASS.

Landsforeningen for Pårørende innen Psykisk helse (LPP) driv MØTEPLASS i eit avtalefesta samarbeid med

- helseforetak (sjukehus, DPS, lærings- og meistringseiningar)
- kommunehelsetenesta

LPP sentralt forpliktar seg til gratis å lære opp MØTEPLASS-team i konseptet, samt støtte teamet i drifta av MØTEPLASS.

Helseforetak og/eller kommunehelsetenesta forpliktar seg til å stille med fagpersonell som lærast opp i konseptet, som kan koordinere og leie MØTEPLASS-møta samt vidareformidle læring og kunnskap inn i eiga verksemd.

Støttespelarar er LPP sine lokallag, brukarstyrte senter eller andre lokale/regionale organisasjonar/aktørar.

MØTEPLASS er eit nasjonalt pårørandeprogram/-tiltak støtta av Helsedirektoratet.



Karl Johans gate 6, 0154 Oslo // www.lpp.no // tlf. 21 07 54 33 // lpp@lpp.no

MØTEPLASS

for
helsefremmande dialog
mellom pårørande og fagfolk

Karl Johans gate 6, 0154 Oslo // www.lpp.no // tlf. 21 07 54 33 // lpp@lpp.no



Kva er MØTEPLASS?

MØTEPLASS er ein arena for eit likeverdig møte og gjensidig læring mellom pårørande og fagfolk, der dei pårørande sin situasjon er i fokus.

MØTEPLASS er førebyggjande folkehelsearbeid og brukar-medverknad i praksis!

MØTEPLASS for pårørande og fagfolk

Pårørande er alle som er påverka av at ein person har livsutfordringar knytt til psykisk helse; barn, søsken, foreldre, besteforeldre, venner, naboar og andre. Fagfolk er alle som gjennom jobben sin er involvert i den som har utfordringane - eller familien/nettverket deira; personale innan psykisk helse- og rusfeltet i spesialist- og kommunehelsetenesta, fastlegar, PPT, NAV, barnevern, familievern og andre.

MØTEPLASS inspirerer

- pårørande til å påverke systemet gjennom å dele erfaringane sine
- fagfolk til å tenkje heilskapleg og systemorientert i høve utfordringane som pårørande og familiane deira står i.

I møtet mellom kunnskapen til pårørande og fagpersonar, oppstår moglegheiter for endring som utviklar og forbetrar tenestene. Fagfolk tek kunnskapen med til sine respektive verksemder – kunnskap som fører til små og store endringar.

Kvifor MØTEPLASS?

Hjelpeapparatet treng kunnskap om den krevjande livssituasjonen det er å vere pårørande, og kva utfordringar pårørande erfarer i møte med helsetenestene. Pårørande sjølv er dei som best kan formidle kunnskapen om dette.

På MØTEPLASS møtast pårørande og fagfolk til ein likeverdig dialog om korleis det er å leve tett på familiemedlemmer med psykiske helseutfordringar, og korleis hjelpeapparatet kan bidra med rettleiing og støtte.

MØTEPLASS styrkar samarbeidet mellom pårørande og tenesteapparatet ved at dei blir betre kjent med kvarandre sine utfordringar og dilemma.

Pårørande:

- bidrar med erfaringskompetansen sin
- får uttrykke ønske og behov og oppleve å bli sett og høyr
- får anerkjenning for ein krevjande livssituasjon
- får auka kunnskap om støtteapparat og tenestetilbod
- opplever håp, meining og meistring gjennom dialog med helsepersonell
- møter andre pårørande

Fagfolk:

- bidrar med fagkompetansen sin
- får auka kunnskap og kompetanse
- blir gitt rom for refleksjon over eigen og verksemda sin praksis
- kan bidra til haldningsendringar og betre praksis/rutinar på arbeidsplassen
- kan gjennom kunnskap om, og møter med representantar for andre tenesteområde, bidra til betre samhandling og samordning på tvers av tenestene
- kan bidra med kompetanseheving på arbeidsplassen sin

Slik fungerer MØTEPLASS

MØTEPLASS er gratis og arrangeres to til tre gonger i halvåret. Bak møta står eit lokalt MØTEPLASS-team som er samansett av fagfolk og pårørande som har fått opplæring i konseptet.